



Torbjørn Seim
Rotevikshaugen 6
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3552 - 14/15395

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
16.10.2014

Godkjenning - oppføring av reidskapsbod gbnr 4/26 Rotevikshaugen.

Administrativt vedtak. Saknr: 280/2014

Tiltakshavar: Torbjørn Seim
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

Saksutgreiing:

Saka gjeld søknad om oppføring av reidskapsbod på gbnr 4/26 i Meland kommune, med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 20m².

Planstatus:

Eigedomen er i reguleringsplan for Beitingen regulert til bustad.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 23.08.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet og alle naboar har samtykka til tiltaket. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart dagsett 23.08.2014 Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Utnyttingsgrad:

Eigedomen er på 1100m².

Tillete grad av utnytting på tomta (% BYA) er 25 %. Følgjeleg samsvarer tiltaket med reguleringsplanen.

Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og er i samsvar med Pbl § 29-1.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til bygging av reidskapsbod på gbnr. 4/26 i samsvar med søknad motteke 26.08.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 26.08.2014.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:
I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søker – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr. 14/3552.

1. Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.3.1	Basisgebyr	1	5 800,-
	Totalt gebyr å betala		5 800,-

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om tiltak utan ansvarsrett 4-26

Situasjonskart 4-26

Teikningar 4-26

Mottakere:

Torbjørn Seim

Rotevikshaugen 6 5918

FREKHAUG